

1. Sendar:	<p>Melding om rett til å klaga over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova § 27, 3.ledd)</p>
3. Mottakar:	<p>2. Dato:</p> <p>4. Klageinstans:</p>

Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De ønskjer å klaga over vedtak De har fått melding om.

Klagerett	De har rett til å klaga over vedtaket
Kven kan De klaga til	De kan klaga til klageinstansen (jfr. rubrikk 4 ovanfor). Klaga skal først sendast til det organet De får denne meldinga frå (jfr. rubrikk 1). Dersom dette organet ikkje endrar vedtaket, vil saka verta sendt vidare til klageinstansen for avgjerd.
Klagefrist	Klagefristen er 3 veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagt innan fristen. Dersom De klagar så seint at det kan vera uklart for oss om De har klaga i rett tid, ber me Dykk gjeva opp når De mottok denne meldinga.
Rett til å krevja grunn- gjeving	Dersom klaga vert sendt for seint, er det høve til å sjå bort frå ho. Har De særleg grunn til det, kan De likevel søkja om å få forlenga klagefristen. De bør i tilfelle nemna kvifor klaga er forseinka.
Innhaldet i klaga	<p>Dersom De ikkje har fått grunn- gjeving for vedtaket, kan De setja fram krav om å få det. Kravet må setjast fram før klagefristen er ute. Klagefristen vert i så fall avbroten, og ny frist vert rekna frå det tidspunktet De får grunn- gjevinga.</p> <p>I klaga skal De skriva kva for eit vedtak De klagar på, og nemna den eller dei endrin- gane som De ønskjer.</p> <p>De bør grunn- gje kvifor De klagar, og ta med eventuelle andre opplysningar som kan telja med når ein skal vurdera klaga.</p> <p>Klaga må underskrivast.</p>
Utsetjing av vedtaket	Sjølv om De har klagerett, kan vedtaket vanlegvis iverksetjast straks. De kan likevel søkja om å få dette utsett til klagefristen er ute, eller til klaga er avgjort.
Rett til å sjå saksdoku- menta og til å krevja rettleiing	Med visse avgrensingar har De rett til å sjå saksdokumenta. De må i så fall venda Dykk til det forvaltningsorganet som har sendt denne meldinga (jfr. rubrikk nr. 1). Der kan De også få nærare rettleiing om klageretten, om korleis De skal gå fram når De klagar, og om reglane for sakshandsaminga elles.
Kostnader ved klagesaka	<p>De kan søkja om å få dekka utgifter til eventuell advokathjelp etter reglane om fritt rettsråd. Fylkesmannen eller vedkomande advokat kan gje nærare rettleiing.</p> <p>Dersom organet som har gjort det første vedtaket, har gjort ein feil slik at vedtaket vert endra, er det høve til å krevja dekning for større kostnader i samband med klage- saka. Klageinstansen (jfr. rubrikk 4) vil orientera om retten til å krevja dekning for saks- omkostnader.</p>